

## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Måløy vidaregåande skule</b>
<b>Møtedato</b>	<b>24.04.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Bente Underthun

**Forfall til møtet:** Magnus Strand, Wenche Røkenes

**Varamedlemer til stades:** Anita Æsøy

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 9. februar 2017 vart godkjend utan merknader.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk denne dagen informasjon frå Vågsøy ungdomsskule om teiknspråk som fordjupingsfag. Det er kun Vågsøy ungdomsskule som har dette faget som fordjupingsfag. Dette faget har same status som tysk, fransk og spansk på andre ungdomsskular, slik at elevane som tek dette faget ikkje treng framandspråk tredje året på vidaregåande skule. Norsk teiknspråk har vore eit offisielt språk sidan 2008.

### **Følgjande skriv vart lagt fram til orientering:**

#### **Meldesak 1) Fråsegn frå utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland til framlegg om ny byggeteknisk forskrift TEK 17**

- 1. Hordaland fylkeskommune er i hovudsak positiv til at byggeteknisk forskrift (TEK 17) vert forenkla, særleg utifrå målet om billegare bustader*
- 2. Det er både eit nasjonalt og eit regionalt mål å utjamne sosiale helseskilnader. Hordaland fylkeskommune meiner lempingar i forskrifta særleg knytt til dei minste bustadane, kan bidra til utilsikta verknader som auka sosiale helseskilnader*
- 3. Universell utforming av samfunnet er eit viktig bidrag for å inkludere fleire på ein likeverdig måte. Målet om lemping av krava til tilgjenge kan slå negativt ut for befolkningsgrupper som har størst trong for bustader med funksjonalitet og kvalitet*
- 4. Hordaland fylkeskommune vil fraråde å lempe på krava til tilgjenge og funksjonalitet i mindre bustader. Ein tilgjengeleg og funksjonell bustad er ikkje berre for den/dei som bur der, men også for dei som er på besøk der. Behovet for utsikt og storleik på balkong og toalett må ivaretakast.*

**Meldesak 2) Brev til fylkeskommunar v/samferdslesjef**

Det er sendt ut brev til alle landets fylkeskommunar om invitasjon frå Bufdir, til å søke om tilskot for nettverksdeltaking – universell utforming i regional og lokal kollektivtransport

**Meldesak 3) Kartlegging av tilgjenge i fire skianlegg i Sogn og Fjordane**

Fylkeskommunen skal no undersøkje kor tilgjengelege skianlegga i Luster, Sogndal, på Eid og Jølster er for personar med nedsett funksjonsevne. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått pengar frå Kartverket for å gjennomføre denne kartlegginga. Bakgrunnen for arbeidet er visjonen i den regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – nemleg fysisk aktivitet for alle.

Meir informasjon om kartlegginga finn de på heimesida til fylkeskommunen:

<http://www.sfj.no/kartlegg-tilgjenge-i-fire-skianlegg.5974713-337387.html>

**Meldesak 4) Resolusjon frå FFO Sogn og Fjordane – Tilrettelagt transport må styrkjast**

*FFO Sogn og Fjordane ber fylkeskommunen og kommunane sørgja for at funksjonshemma og eldre ikkje blir dei skadelidande som følgje av dei nemnde endringane. FFO ber også kommunane trekkja med seg råd for funksjonshemma og eldreråd i arbeidet med å planleggja og dimensjonera TT-tilbodet.*

Fullstendig versjon av resolusjonen er vedlagt.

**Meldesak 5) Ymse**

Neste møte vert 6. juni på Skei. Bente tek kontakt med NFU, og Anne-Kjersti tek kontakt med leiar for FFO, Geir Liavåg Strand, for informasjonsutveksling mellom fylkesrådet og interesseorganisasjonane.

Møte 20. september vert lagt til Gaupne, og Odd Atle startar planlegginga av møte, ved å ta kontakt med aktuelle bedrifter som kan vere interessante for fylkesrådet å få informasjon frå.



**SAK 4/17      Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til økonomiplan 2018 - 2021**

**Det vart lagt fram fylgjande vedtak i møte:**

- Vidaregåande opplæring - unngå segregerte tilbod i vidaregåande opplæring, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- Folkehelsearbeidet – det skal vere eit tilbod for alle
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse gruppene
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggjast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- Vidaregåande opplæring - unngå segregerte tilbod i vidaregåande opplæring, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
  - Folkehelsearbeidet – det skal vere eit tilbod for alle
  - Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse gruppene
  - Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggjast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne
  - Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne
-

**SAK 5/17 Høyring - En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling - for økt deltakelse og mestring - rapport fra ekspertutvalg**

**Det vart lagt fram følgjande vedtak i møte:**

Telefonmøte fredag 5. mai kl. 10.50, for å samanstille uttale til rapporten. Medlemmene sender innspel til leiar og sekretær i forkant av telefonmøtet.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Telefonmøte fredag 5. mai kl. 10.50, for å samanstille uttale til rapporten. Medlemmene sender innspel til leiar og sekretær i forkant av telefonmøtet.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Telefonmøte fredag 5. mai kl. 10.50, for å samanstille uttale til rapporten. Medlemmene sender innspel til leiar og sekretær i forkant av telefonmøtet.

-----

**SAK 6/17 Arbeidsplan 2016 - 2019 - oppfølging av sak i møte 9. februar 2017 Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Tilråding til vedtak i møte:**

Saka vert utsett til møte 6. juni.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett til møte 6. juni.

-----

**SAK 7/17 Skriv og melding fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 24. april 2017**

**Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

-----